



Er det din kommune som skal bli

Noregs kulturkommune 2009?

www.noku.no

Prisen **Noregs kulturkommune** er oppretta og delast ut av Norsk kulturforum. Gjennom prisen ynskjer vi å fokusera på kulturengasjementet i kommunane og innsats i og for lokalt kulturliv. Den fyrste prisen vart utdelt i 1992 til Larvik kommune, den foreløpig siste i 2007 til Kristiansand kommune.

Kåringa skjer i to fasar. Hausten 2008 skal det kårast fylkesvinnar i kvart fylke. Fylkesvinnarane går vidare til den nasjonale kåringa der ein nasjonal jury nominerar tre av kommunane, som får presentera seg ved eit arrangement i Oslo i februar 2009. På dette arrangementet vert også Noregs kulturkommune 2009 kåra.

I den nasjonale juryen sit May-Helen Molvær Grimstad, leiar av Stortingets familie- og kulturkomité, Halvdan Skard, leiar av KS og Ingrid Grandum Berget, leiar av Norsk kulturforum.

Interesserte kommunar kan kontakta Norsk kulturforums fylkeslag eller Norsk kulturforum nasjonalt for nærare kontaktinformasjon og fristar. Generell informasjon og søknadsskjema er lagt ut på våre heimesider www.noku.no.

Kven kan få prisen?

I statuttene for prisen står det: «Prisen tildelast ein kommune som i den seinare tid i særleg grad har markert seg, med ein allsidig innsats for kulturlivet gjennom samarbeid, kreativitet og nytenking».

Den nasjonale juryen vil leggje vekt på:

- Heilskap og langsiktig planlegging synleggjort gjennom vilje og evne til å bevare viktige lokale kulturelement, leggje til rette for gode ordningar i det daglege kulturarbeidet og utvikle nye og utradisjonelle tiltak.

- Involvering av lokale kulturaktørar, både frivillige og profesjonelle, gjennom samarbeid og dialog, og inkludering av innbyggjaranes ynskjer og vurderingar knytta til estetikk og stadsutvikling.
- Kommunens arbeid med implementering av kulturlova i sitt kulturpolitiske arbeid.

Fylkesjuryane vil i tillegg leggje vekt på lokale forhold og dei kulturpolitiske ambisjonane til kommunane.

Den kommunen som vert kåra til Noregs kulturkommune 2009, vert invitert til å profilere kultursatsinga si i samarbeid med Norsk kulturforum.

Litt om Norsk kulturforum

Norsk kulturforum vart stifta i 1970 og er eit landsomfattande nettverk med fokus på lokalt kulturarbeid og lokal kulturpolitikk. Medlemmane er kommunar, fylkeskommunar, offentlege og halvoffentlege institusjonar og organisasjonar. Norsk kulturforum representerer heile kulturfeltet og er opptatt av heilskap og langsiktig planlegging i og for lokalt kulturliv. Det vert arrangera både nasjonale og regionale konferansar og samlingar der sentrale kulturutfordringar i samtida og faglege utfordringar i den enkelte kulturarbeidar kvar dag er tema. For meir informasjon sjå www.noku.no.



NORSK KULTURFORUM

Norsk Kulturforum
Postboks 414, Sentrum,
0103 Oslo
Telefon: 24 14 11 60
E-post: noku@noku.no
www.noku.no



Kristiansand kommune
– Noregs kulturkommune 2007
Stolte vinnarar foran kulturkommunebanneret.

Framsidedeilete: «Charlie og sjokoladefabrikken»
i Sekkefabrikken kulturhus, Røyken kommune.

Foto: Sigmund Hole

«Prisen tildelast ein kommune som i den seinare tid i særleg grad har markert seg, med ein allsidig innsats for kulturlivet gjennom samarbeid, kreativitet og nytenking»